



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Osterøy kommune
Rådhuset
5282 LONEVÅG

Vår dato: 22.09.2022
Vår ref.: 201306468-9 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 14/20354

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Holmane næring - Fotlandsvåg - PlanID 46302013004 - Osterøy kommune

Vi viser til brev datert 25.08.2022. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Holmane næring – Fotlandsvåg. Hovudføremålet med planarbeidet er å utvide eksisterande næringsområde i Fotlandsvåg gjennom utfylling i sjø, og å legge til rette for langsiktig områdeutvikling.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin uttale

I oversendingsbrevet skriv de at dette er 3. gongs handsaming. NVE har hatt planen til offentlig ettersyn ein gong tidlegare, i 2019. I brev datert 21.08.2019 svarte vi ut eit konkret spørsmål knytt til utgreiing av skredfare i bratt terreng, og omfang av omsynssone. Utover vår konkrete tilbakemelding om dette hadde vi ikkje merknader til planen. I denne runden har vi nokre kommentarar knytt til ROS analysen og grunntilhøva. Vi beklagar at dette ikkje vart teke opp i førre runde.

Planområdet ligg under marin grense. Under marin grense kan ein i utgangspunktet ikkje sjå vekk frå førekomstar av marin leire, og fare for områdeskred av kvikkleire. Vi meiner at det er ei oppgåve for ROS analysen å vurdere og konkludere på om det er slik skredfare. Etter det vi kan sjå er dette ikkje gjort. NVE rår dykk til å syte for at ei slik vurdering vert



innarbeidd i ROS analysen. De bør følgje prosedyren i kapittel 3.2 i NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) inntil skredfaren er tilstrekkeleg avklart.

Ut frå kartlegging av skredfare i bratt terreng, og geoteknisk notat frå Asplan Viak datert 08.07.2022, ser ein at det i det vesentlege er fjell i dagen på land og i strandsona. Dette tilseier at det ikkje er sannsynleg med fare for områdekred av kvikkleire som breier seg inn over land.

Planen legg elles opp til utfylling i sjøen. I kvikkleirerettleiaren er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Difor rår rettleiaren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona. I sakstilfanget ser vi at det har vore gjennomført grunnundersøkingar som syner dels utfordrande grunn for utfylling. Vi rår dykk til å sette krav i føresegnene om geoteknisk detaljprosjektering basert på grunnundersøkingar før det kan fyllast i sjø.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:
Osterøy kommune

Kopimottakarar:
STATSFORVALTAREN I VESTLAND



Osterøy kommune
Att: Wenche-Mari Bliksås
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Osterøy kommune - 3.gongs handsaming - Detaljregulering Holmane næring - Fotlandsvåg - Motsegn

Vi syner til brev frå Osterøy kommune datert 25.08.22 om kunngjering om høyring og offentleg ettersyn – 3. gongs handsaming av detaljregulering Holmane næring – Fotlandsvåg.

Fiskeridirektoratet region Vest har to motsegn til planen, sjå lenger nede.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følge for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Føremål og planstatus

Hovudføremålet med planarbeidet er å utvide eksisterande næringsområdet gjennom utfylling i sjø, og legge til rette for langsiktig områdeutvikling. Planframlegget var på 1. gongs høyring i 2019, der det kom inn syv merknader og to motsegn til planen. Desse er innarbeida så langt som råd i nytt planframlegg.

Merknader frå Fiskeridirektoratet region Vest 2019

Ved førre høyring påpeika vi følgjande:

- Registrert gytefelt for kysttorsk i Osterfjorden må vere eit tema for KU tidleg i planprosessen
- Omsyn til gytefeltet må tas med i planføresegnene
- Sprenging og utfylling i gytefelt for torsk føreset bruk av siltskjørt og boblegardin
- Massane må vere reine og plastrestar skal samlast opp og fjernast frå sjø og strandsone
- Utfylling i sjø må skje på hausten og tidleg vinter

Motsegn til nytt planframlegg

Fiskeridirektoratet region Vest registrerer at gytefeltet er teke med i ROS-analysen utført av Asplan Viak, samt at omsyn til gytefeltet er omtalt i føresegnene. Føresegnene viser til at

anbefalte avbøtende tiltak vert nytta. Kort oppsummert er det i ROS-analysen råda til «å utøve særskild aktsemd» i gyteperioden for torsk, februar – april. Sediment i utfyllingsområde bør dekkast til for å hindre spreiring av miljøgifter, og det er råda til å «etablere eit overvåkingsprogram i anleggsperioden for eventuelle påverknadar for gyteområdet for torsk». Oppsamlingskjørt kan nyttast for å redusere spreiring av sediment.

Gytefelt for torsk

I vårt innspel til 1. gongs handsaminga viste vi til at gyteperioden for torsk er frå februar til april. Den gong råda vi til at arbeid som kunne ha negativ påverking på gytande torsk og torskkeyngel skulle skje utanom denne perioden. I ettertid har Havforskningsinstituttet kome med forskning som viser at gytemoden torsk kan vandre inn i gytefelt så tidleg som i desember, og at gyting skjer i perioden januar og ut april. I løpet av mai og juni vil torskelarvane symje mot botn og opphalde seg i grunne oppvekstområder. Undervasssprenging skal difor ikkje finne sted mellom 1. desember og 30. juni.

Aktuelt gytefelt er eit regionalt viktig gytefelt for torsk med høg verdi. Feltet har middels tettleik av egg, men har høg tilbakehalding av egg (egga helde seg i området).

Fiskeridirektoratet region Vest krevje at eventuell undervasssprenging skjer utanom tidsperioden 1. desember – 30. juni. Dersom sprenginga går føre seg over vatn, skal sprengingsperioden som minimum avgrensast frå 1. januar – 30. april.

Sprenging kan utløyse ei fluktrespons på fleire km, og kan påverke vandringsmønster for torsk på veg til gytefeltet. I tillegg risikerer ein å stresse eller i verste fall sprekke luftblæra til yngel i oppvekst i området. Typiske avbøtande tiltak er bruk av boblegardin for å redusere intensiteten av tryggbølgene ut frå anleggsområde, sekvensiell avfyring av salvene, samt bruk av varselskot.

I ROS-analysen kan vi ikkje finne nokon av desse tiltaka.

Fiskeridirektoratet region Vest krevje at avbøtande tiltak konkretiserast i føresegnene til planen. Boblegardin og sekvensiell avfyring av salvene skal nyttast for å redusere trykkbølger. Varselskot skal nyttast for å skremme vekk fisken innan sjølve sprenginga.

Låssettingsplassar

Asplan Viak har vurdert at det vil vere «middels negativ verknad i anleggsfasen for fisk og ingen negative verknader i driftsfasen». Vi minner om at sprenging ikkje skal skje i lærleiken av låssett fisk på grunn av fare for skade på fisken. Tiltakshavar må varsle Fiskarlaget innan oppstart av sprenging for å sikre at det ikkje er fisk i lås.

Vi ber om at de tek omsyn til våre innspel.

Med helsing

Anne Therese Alnæs Horn
konstituert seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng
rådgiver



Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Osterøy kommune

Postboks 1

5293

LONEVÅG

Kopi til:

Fiskarlaget Vest

Kystverket

Statsforvaltaren I Vestland

Vestland Fylkeskommune

Slottsgaten 3

Postboks 1502

Njøsavegen 2

Postboks 7900

5003

6025

6863

5020

Bergen

Ålesund

Leikanger

Bergen





Statens vegvesen

OSTERØY KOMMUNE

Postboks 1

5293 LONEVÅG

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
20/25565-24

Deres referanse:
14/935-22/20354

Vår dato:
05.10.2022

Kunngjering om høyring og offentlig ettersyn – 3.gongs handsaming – Detaljregulering Holmane næring – Fotlandsvåg – PlanID 46302013004. Motsegn.

Vi viser til tidlegare korrespondanse og kontakt i saka, samt brev i frå dykk av 30.08.22 med utlegging av planen til offentlig ettersyn.

Ved 2 gongs høyring av ovannemnde reguleringsplan for Holmane, fremja Statens vegvesen motsegn til planen, dette i all hovudsak med bakgrunn i omsynet til trafikktryggleiken på staden.

Statens vegvesen har no motteke detaljregulering for Holmane næring til 3 gongs offentlig ettersyn. I tida mellom 2 og 3 gongs utlegging av planen har det vore møter der Osterøy kommune, tiltakshavar, Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen har teke del, mellom anna i møtet som fann stad 16.04.21. Vi kan ikkje sjå at planen inneheld sentrale moment frå dette møtet.

Statens vegvesen vurderer at slik plankartet viser utviding av fylkesveg 567, så samsvarer det i hovudsak med det som vi har vore med å drøfta i denne saka. Vi er likevel noko usikker på om planen har tilstrekkeleg med sideareal/anna veggrunn, og slik at ein får nok fleksibilitet til ei effektiv utbygging etter planen.

Vidare ser vi at føresegnene er uheldig utforma ved denne utlegginga, og skapar utfordringar for trafikktryggleiken i planområdet. Dette gjeld særleg krav til rekkjefølgje knytt til BN1, BN2 og BN3. Her er kravet til ferdigstilling av Fv 567 lagt til tidspunktet for ferdigattest eller mellombels bruksløyve for bygningar. I praksis opnar dette opp for at ein kan realisere tiltak og bygg innanfor områda, utan at fysisk arbeid med fylkesvegen er starta

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

opp. Vi ser at søknad til kommunen om dispensasjon frå rekkjefølgjekrava, kan følgje av dette. Dersom slik situasjon finn stad kan det leggje press på kommunen for positiv handsaming av slik søknad om mellombels bruksløyve, sjølv om det strir med vedteken reguleringsplan. Utforminga av rekkjefølgjekrava har dermed eit potensiale for at delar av eller heile vegprosjektet ikkje vert realisert. Dette vil gå ut over trafikktryggleiken på staden og er i strid med intensjonen i 0 – visjonen. Statens vegvesen kan difor ikkje slutte seg til ei slik ut forming av rekkjefølgjekrava.

Med bakgrunn i ovannemnde vil Statens vegvesen med dette stadfeste at vår motsegn til planen ved 2 gongs høyring framleis står ved lag. Statens vegvesen ser for framtida å kunne ta del i dialog med dei involverte partane i saka om måtar å få gjennomført dette prosjektet på, der trafikktryggleiken vert tilfredsstillande ivareteken. Statens vegvesen har ved denne høyringa hatt kontakt med Vestland fylkeskommune om ovannemnde problemstillingar.

Når det gjeld eventuell endring av fartsgrense innanfor planområdet så er det ein eigen saksgang for dette, som ikkje inkluderer reguleringsplan. Ein må med andre ord sende inn eigen søknad for dette.

Samanfatning

Ved gjennomgang av 3 gongs utlegging av detaljregulering for Holmane i Osterøy kommune, vurderer Statens vegvesen at planen ikkje sikrar godt nok gjennomføring av utbetringa av Fv 567. Særleg gjeld dette omsynet til trafikktryggleik, der føresegnene ikkje er tilfredsstillande utforma. Statens vegvesen opprettheld med dette si motsegn til planen.

Transport–vest – Transportforvaltning Vest 3

Med hilsen

Frode Aarland
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	07.10.2022
Vår referanse	2022/81532-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Cathrine Gunn Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	90526060

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av detaljregulering Holmane næring - gnr. 97 bnr. 17 - Osterøy kommune

Vi viser til brev datert 25.08.22 om høyring av forslag til detaljregulering for Holmane næring i Osterøy kommune. Hovudføremålet i planen er å utvide eksisterande næringsområde ved utfylling i sjø, legge til rette for langsiktig områdeutvikling og samordning av hovudtilkomst og parkering. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næring, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande vassdrag.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 09.04.2014 og fråsegn til 1. gongs høyring datert 04.09.2019. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettlegg.

Vurdering

Planframlegget har etter kvart ei kompleks og lang historie. For oversikt, ville det vore ei føremon om vedteke planprogram låg ved planframlegget som no er på høyring.

Infrastruktur og veg

Planframlegget var på 1. gongs høyring og offentleg ettersyn sommaren 2019. På dette tidspunktet hadde Statens vegvesen framleis forvaltningsansvar for fylkesvegane, jf. sams vegadministrasjon. Statens vegvesen fremma motsegn til reguleringsplanen med omsyn til konsekvensar for trafikktryggleiken på fylkesveg 567 Osterøyvegen. I planforslaget var det regulert utviding av vegbana på fylkesvegen og tilbod for mjuke trafikantar, men det var ikkje knytt rekkefølgjekrav til opparbeiding av fylkesvegen i føresegnene. Vegvesenet hadde motsegn til mellom anna manglande rekkefølgjekrav.

Som følgje av regionreforma i 2020 overtok fylkeskommunen forvaltningsansvaret for fylkesvegane frå Vegvesenet. Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har sidan hatt omfattande dialog med Osterøy kommune, plankonsulent, tiltakshavar og Statens vegvesen. Målet var å finne alternative løysingar som sikrar eit opparbeidd tilbod til mjuke trafikantar mellom næringsområdet og avkøyrsla til Fotlandsvåg skule.

I juni 2020 blei det gjennomført meklingsmøte i regi av Statsforvaltaren, der Osterøy kommune, Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune deltok. Meklinga førte ikkje fram. Osterøy kommune

starta deretter arbeidet med 2. gongs behandling av reguleringsplanen. I mellomtida tok fylkeskommunen kontakt med kommunen og plankonsulent for å sjå på alternative løysingar for regulering av fylkesvegen. I ettertid av meklingsmøtet har vi hatt om lag 10 avklaringsmøte, inkludert synfaring med geoteknikar frå fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune har ansvar for trafikktryggleik, drift, vedlikehald og framkomst for alle trafikantgrupper på vegnettet. Vi viser til *Utviklingsplan for Vestland fylke*: «Trafikktryggleik og nullvisjonen skal ligge til grunn i samferdselsplanlegginga. Dette er ein visjon om at det ikkje skal skje ulykker med drepane eller hardt skadde i trafikken i Vestland»

Næringsområdet Holmane ligg i Fotlandsvåg langs fylkesveg 567 Osterøyvegen. Fylkesvegen er smal og uoversiktleg i planområdet. Delar av strekninga er einfeltsveg og det manglar tilbod for mjuke trafikantar. Vi viser til retningsline 7.1 i *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028*:

«Rekkjefølgje av utbygging i bustad- og næringsareal må bli samordna i tid med utbygging av vegsamband, gang- og sykkelveg og kollektivtiltak. Planar skal ha rekkefølgjekrav om transporttilhøva ikkje er tilfredsstillande ut i frå omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for gang og sykkel og kollektivtransport.»

Utviding av næringsområdet vil føre til auka trafikkmengd på fylkesvegen, både av større køyretøy knytt til verksemda, og personbiltransport som følgje av fleire tilsette. Truleg vil auke i tungtransport hovudsakeleg gå nordover. Ein kan likevel vente at det vil bli noko auke i tungtransport gjennom Fotlandsvåg, som er alternativ trasé i retning Bergen. Auke i personbiltransport vil kunne kome frå både nord og sør. Ved å regulere tilbod for mjuke trafikantar og knyte rekkefølgjekrav i føresegnene vil planen sikre eit trygt tilbod for born og unge og andre mjuke trafikantar før ein aukar trafikkmengda på fylkesvegen.

Utbetningsstandard

Fylkeskommunen er i hovudsak samd med den regulerte løysinga som ligg i planforslaget til 3. gongs handsaming. Føremålet med dialogen i planprosessen var å finne ei løysing som sikrar eit opparbeidd tilbod for mjuke trafikantar. Frå plangrensa i nord og fram til sørleg del av næringsområdet er fylkesvegen regulert til tofeltsveg med fortau. Vidare sørover er fylkesvegen regulert til einfeltsveg med fortau. Dette inneber at L1 (utbetningsstandard) er lagt til grunn for dette strekket. Utbetring av fylkesvegen kan reknast som ei mindre utbetring, og krava i vegnormalane er då rettleiande. Grunngevinga for dette er:

- Strekninga som skal utbetrast er kort (<2 km).
- Det er ikkje planar om større utbetringar på fylkesvegen nær planområdet

Det er difor ikkje behov for fråvikshandsaming av krav ein ikkje klarar å følgje, forutsett at vegeigar er samd i løysingane som er valt. Det er likevel naturleg å ta utgangspunkt i ein dimensjoneringsklasse, slik det er gjort i planarbeidet. Fylkeskommunen er samd i at L1, utbetring kan ligge til grunn, og det er fint at de viser i planomtalen kva krav ein ikkje har oppnådd. Vi ber i tillegg om at de tydeleggjer i planomtalen at det ikkje er krav om fråviksbehandling, og at denne vurderinga er gjort i samråd med vegeigar. Grunnen til at vi ber om dette er for å unngå usikkerheit når de skal prosjektere løysinga og inngå gjennomføringsavtale med fylkeskommunen.

Nedsett fartsgrense

Delar av fortausløysinga føreset nedsett fartsgrense til 50 km/t nord i planområdet blir godkjent. Fylkeskommunen er positiv til nedsett fartsgrensa frå 80 km/t til 50 km/t for delen av fylkesvegen som ligg innanfor planavgrensinga. Vi vurderer det som føremålstenleg at slik skiltplan blir sendt til godkjenning først når vegarealet skal opparbeidast.

Gjennomførbarheit

Fylkeskommunen har ved fleire høve gitt tilbakemelding om at vi meiner de bør utvide plangrensa for å regulere ei meir fleksibel løysing med moglegheit for utviding av vegbana både på innsida og utsida av fylkesvegen. Dette innspelet er ikkje tatt til etterretning. Vår bekymring er at det kan dukke opp utfordringar knytt til gjennomføring av vegutviding på utsida mot fjorden. Ettersom dette ikkje har vore aktuelt for tiltakshavar har vi gitt tilbakemelding om at dei må gjere grundige undersøkingar

for å vere sikre på at fortausløyisinga faktisk er mogleg å bygge slik den er regulert. Dette inkluderer grunnboringar, i tillegg til betre kartlegging av bergnivå og grunnforhold.

Vi har mottatt dokumentasjon på at det er gjennomført grunnboringar på staden og ein rapport som konkluderer med at det er mogleg å realisere vegutviding mot fjorden for å etablere fortau. Samstundes minner vi om at tiltakshavar står for risikoen dersom regulerte løysingar ikkje lar seg gjennomføre. Kommunen har gitt tilbakemelding i møte av 12.01.2022 at ein ny planprosess med utvida planområde vil vere aktuelt i så tilfelle.

Anna veggrunn – grøntareal (SVG)

Langs fylkesvegen i sør er det regulert inn naturområde og næringsareal på eit strekk mellom samferdsleføremålet og fjorden. Vi er uroa for at anleggsbeltet som er regulert ikkje sikrar tilstrekkeleg areal, og ber om at heile det resterande landarealet mot fjorden blir regulert til SVG for å sikre gjennomføring i anleggsfasen.

Siktliner

Det er utfordrande å sjå om det er sikra god nok sikt i teikningane, det gjeld:

- Er det sikra tilstrekkeleg møtesikt over høgbrekk ved profil 225
- Sikt frå avkøyrslar og kryss – det kan sjå ut som at murar (med rekkverk) vil kunne komme i siktsonene nokre stadar.
- Møtesikt – er det sikra tilstrekkeleg møtesikt på einfeltsveg i dei krappe kurvene (ved profil 100, 150 og 300)

Rekkefølgjekrav

Planføresegnene har rekkefølgjekrav om ferdigstilling av offentleg veg o_SKV01 som inkluderer alle tiltak på fylkesvegen. Rekkefølgjekrava er knytt til ferdigattest og/eller mellombels bruksløyve for bygningar innan alle delfelt i reguleringsplanen. Fylkeskommunen viser til dialog med Osterøy kommune, plankonsulent, tiltakshavar og Statens vegvesen om rekkefølgjekrav sist i møte av 16.04.2021. I møtet ga vi tilbakemelding om at rekkefølgjekrav knytt til igangsetjingsløyve er nødvendig. Vi opna likevel for å diskutere moglegheit for trinnvis utbygging. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at desse innspela er tatt til følgje i føresegnene. Vi er kritisk til føresegnene slik dei er formulert no, og kan ikkje sjå at motsegna til Statens vegvesen er løyst. Til orientering så har fylkeskommunen ved infrastruktur og veg nyleg hatt dialog med Vegvesenet om rekkefølgjekrava i dette planforslaget. Før vi kan tilrå at Vegvesenet trekkjer motsegna ønsker vi å ha ytterlegare dialog om rekkefølgjekrava med Osterøy kommune.

Strandsone

I planprogrammet til planen refererer ein til KPA når det gjeld byggegrense. Føresegner til KPA seier at byggegrense i strandsona er 20 meter. Det blir og vist til Osterøy sin *Kommunedelplan for sjø og strandsone 2015-2025*. Det er vanskeleg å finne byggegrense i strandsona omtalt i planskilddringa, og ei reell samanheng mellom desse overordna planane og planframlegget. Vestland fylkeskommune meiner at ein bør gjere ei vurdering av byggegrense til sjø opp mot føresegn i KPA og eventuelt i KDP.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld strandsone og infrastruktur og veg. Vestland fylkeskommune er i stor grad samd med den regulerte løysinga for fylkesvegen i planområdet, men har nokre merknadar til plankartet og vegteikningane. Vi er samstundes kritisk til ordlyden på rekkefølgjekrava knytt til opparbeiding av vegareala og ber difor om ytterlegare dialog med Osterøy kommune før vi kan rå Statens vegvesen til å trekkje motsegna.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar
SUD – Plan, klima og folkehelse

Cathrine Gunn Grasdal
rådgjevar
SUD - Plan, klima og folkehelse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift

Sakshandsamarar:

Malene Utkilen – Forvaltning Bergensområdet - INV

Kopi til:

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2



Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Fredrik Arnesen, 5557 2155

Samordna uttale med motsegn - 3 gongs handsaming - Osterøy – gbnr. 96/17 m fl - Holmane næringsområde - detaljregulering

Vi viser til brev frå Osterøy kommune av 23.08.2022. Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn - 3. gongs handsaming - Detaljregulering Holmane næring – Fotlandsvåg.

Jamfør brev av 22.12.2017 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om delegasjon av myndigheit til å samordne statlege motsegn til kommunale planer etter plan- og bygningslova, er kompetanse til å samordne motsegn delegert til Statsforvaltaren.

Bakgrunn

Planframlegget var på 1.gongs høyring og offentleg ettersyn sommaren 2019. Det kom inn 7 merknadar og 2 motsegn til planen. Motsegn vart fremma frå Statens vegvesen og samordna motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland. Motsegn var knytt til at planen måtte sikre utbetring av fylkesveg og sikre eit tilbod til mjuke trafikantar langs næringsområde og inn til avkøyrsel til skulen. 2.gongs handsaming har ikkje har vore kunngjort tidlegare. Planforslaget var til mekling hjå Statsforvaltaren 09.06.2020, utan at meklinga førte fram.

Samordning av statlege motsegn

Statsforvaltaren må i samordningsrolla vurdere motsegn med bakgrunn og forankring i statlege mål og forutsetningar for arealforvaltninga. Statsforvaltaren kan, som ein del av samordninga avskjere statlege motsegn.

Statlege uttalar med motsegn

Ved høyring og offentleg ettersyn - 3. gongs handsaming, vart det fremma motsegn til planforslaget frå Statens vegvesen og Fiskeridirektoratet:

Statens vegvesen

Ved gjennomgang av 3 gongs utlegging av detaljregulering for Holmane i Osterøy kommune, vurderer Statens vegvesen at planen ikkje sikrar godt nok gjennomføring av utbetringa av Fv 567. Særleg gjeld dette omsynet til trafikktryggleik, der føresegnene ikkje er tilfredsstillande utforma. Statens vegvesen opprettheld med dette si motsegn til planen.

Brev med motsegn frå Statens vegvesen til Osterøy kommune av 05.10.2022 er vedlagt.

Fiskeridirektoratet

Fiskeridirektoratet har to motsegn til planframlegget:

- Fiskeridirektoratet region Vest krevje at eventuell undervasssprenging skjer utanom tidsperioden 1. desember – 30. juni. Dersom sprenginga går føre seg over vatn, skal



sprengingsperioden som minimum avgrensast frå 1. januar – 30. april.

- Fiskeridirektoratet region Vest krevje at avbøtande tiltak konkretiserast i føresegnene til planen. Boblegardin og sekvensiell avfyring av salvene skal nyttast for å redusere trykkbølger. Varselskot skal nyttast for å skremme vekk fisken innan sjølve sprenginga.

Brev med motsegn frå Fiskeridirektoratet til Osterøy kommune av 20.09.2022 er vedlagt.

Konklusjon

Det er fremma motsegn til planforslaget frå Statens vegvesen og Fiskeridirektoratet. Statsforvaltaren støtter Statens vegvesen og Fiskeridirektoratet i deira vurderingar og motsegn i saka, og avskjer ikkje desse. Motsegna inneber som kjent at kommunen ikkje kan vedta planen slik han ligg føre. Vi forutset at kommunen arbeider vidare med planen for å komme frem til eit planforslag som gjer at grunnlaget for motsegna fell bort. Skulle kommunen likevel kome til at ein vil ta planen opp til slutthandsaming, vil alternativet vere å be om ny formell mekling, jf. pbl. § 5-6.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens vegvesen
Fiskeridirektoratet
Vestland fylkeskommune

Postboks 1010 Nordre Ål
Postboks 185 Sentrum
Postboks 7900

2605 LILLEHAMMER
5804 BERGEN
5020 BERGEN

Fra: Jon Vegard Handeland <wanna_get_u@hotmail.com>

Sendt: 03.11.2022 21:44:42

Til: Post Osterøy <post@osteroy.kommune.no>

Kopi: Wenche-Mari Bliksås <wenche-mari.bliksas@osteroy.kommune.no>

Emne: Detaljregulering Holmane næring, Fotlandsvåg - PlanID 46302013004

Motsegn mot reguleringsplan Holmane næring.

Vi har tidligere levert motsegn mot planen, det har ikke blitt tatt til etterretning tidligere i planen, men vi har fortsatt samme stilling til saken. Tidligere innsendte skriv/dokumenter med motsegn ønskes vedlagt.

Tidligere dokumentasjon og motsegn omhandler:

Vi har et ønske om å selge bolig, men pga planene har dette ikke latt seg gjøre da det forringer eiendommens verdi.

Vi har lenge ikke fått vite hva planene har vært, for så å se kart der vei, vann, kloakk ++ forandres. I tillegg blir bolig bygget inn og alt av utsikt forsvinner. For ikke å snakke om økt støy både i utbyggingen og etter at dette er fullført.

Vi har ytret ønske om kompensasjon for tapt salgssinntekt(/innløsning av bolig) Vi har hatt inntrykk av at vi med tiden skulle få til en avtale med tiltakshavere, når dei har fått mer svar på hva dei får til etter godkjent plan. Dette ser nå ikke ut til å være av deres interesse heller.

Vi kommer ikke til å gi oss på dette kravet.

Som det står i Lovdata skal part som taper på andres utbyggingsplaner ++ (som tjener på dette) kompenseres for tap påført dem.

Håper dette kan løses uten videre utsettelse av planen og ansettelse av advokat.

Mvh

Jon Vegard og Kjerstin Louise Bruaas Handeland

Mobilnummer; 98666201

Få [Outlook for Android](#)